



Adu ingeniør Atle D. Utkilen
5953 FONNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1712 - 14/16782

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

09.07.2014

Trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 202/3 Hjelmås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.02.2014. På grunn av feilføring av søknaden i kommunen, har ikkje byggesak fått søknaden til handsaming før no. Dette beklagar vi på det sterkaste.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan av tiltaka som skal utførast. I søknaden er det kun lagt ved eit utdrag av reguleringsplanen som angir område BK.
2. Teikningar som viser dei tiltaka som skal utførast, med snitt og profilar som viser kotehøgder på planering av vegar, tomtar m.m.
3. Det er ikkje sendt inn blankett 5175 saman med søknaden

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 31.08.2014**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Det vert gjort merksam på at det er ansvarleg søkjar sitt ansvar å sjå til at søknaden inneheld alle opplysningar som er nødvendig for å vise at tiltaket stettar krava gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl § 12-2.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hjelmåsen A/S

Hjelmåsen 37

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Adu ingeniør Atle D. Utkilen

5953

FONNES